



KLIMA- OG
FORUREININGS-
DIREKTORATET

Skjema for søknad om særskilt løyve, inkludert endring av eksisterande, til kvotepliktig utslepp

Og skjema med program for berekning og måling av kvotepliktige utslepp

For hjelp til utfylling viser vi til rettleiaren for skjemaet.
Skjemaet skal fyllast ut av alle kvotepliktige verksemder.

A. Administrative opplysningar om den kvotepliktige eininga

A.1 Namn, adresser og kontaktperson

Namn på føretak:		Føretaksnummer:	
Gateadresse:			
Postadresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Kommune:		Fylke:	
Felt ¹ :	Innretning ¹ :		Satellittar ¹ :
	Blokk ¹ :		Lisensnummer ¹ :
Namn på kvotepliktig(e) eining(ar):		Bedriftsnummer:	Bransjenummer:
Telefon (sentralbord):		Nettstad (Internett):	
Namn på ansvarleg leiar:			
Namn på kontaktperson/ansvarleg driftsleiar for kvotepliktig eining:		Direkte telefon:	
		Mobiltelefon:	
Adresse:		Telefaks:	
		E-post:	

¹ Gjeld berre verksemdar offshore

A.2 Driftsmessig samanheng

Står dei kvotepliktige einingane som er oppgitt i punkt A.1, i driftsmessig eller fysisk samanheng?

- Ja
- Nei

Det skal gjerast greie for kvifor det er eller ikkje er ein driftsmessig samanheng mellom dei kvotepliktige einingane.

A.3 Nye kjeldestraumar for verksemder med særskilt løyve til kvotepliktige utslepp i perioden 2005–2007

Dette punktet skal berre fyllast ut av verksemder som har hatt særskilt løyve til kvotepliktig utslepp av CO₂ i perioden 2005–2007.

Blir det for perioden 2008–2012 søkt om løyve til utslepp av CO₂ frå nye kjeldestraumar i forhold til perioden 2005–2007?

- Ja
- Nei

Dersom det er nye kjeldestraumar i perioden 2008–2012, oppgi kva kjeldestraumar dette gjeld, i tekstboksen nedanfor.

B. Kategorisering av kvotepliktig eining

B.1 Kategori for det kvotepliktige utsleppet

Tabellen skal gi ei oversikt over kva kategori, jf. § 2-2 i klimakvoteforskrifta, verksemda vil vere i for åra 2008–2012.

År	Kategori
2008	
2009	
2010	
2011	
2012	

Oppgi om verksemda i alle eller nokre av åra 2008–2012 vil ha utslepp mindre enn 25 000 tonn:

- 2008
- 2009
- 2010
- 2011
- 2012

B.2 Overføring av CO₂

Er det ført ut frå verksemda kvotepliktig CO₂, som reint CO₂, CO₂ brukt eller bunde i produkt eller CO₂ i råstoff?

- Ja
- Nei

Dersom verksemda svarar ja på spørsmålet over, skal det leggjast ved dokumentasjon på korleis mengda overført CO₂ eller bunde CO₂ blir fastsett, og at ein har retta seg etter uvissa med omsyn til fastsetjing av mengda overført CO₂ eller CO₂ bunde i karbonat.

C. Beskriving av den kvotepliktige verksemda

Nedanfor skal det givast ei beskriving av den kvotepliktige verksemda som medverkar til utslepp, inkludert teknologi som er nytta ved verksemda. Dersom det er behov for meir detaljert framstilling enn det er rom for i feltet som er sett av nedanfor, skal beskrivinga fullt ut leggjast ved som eige vedlegg.

Dersom det blir søkt om unntak frå krava som følgjer av eit metodetrinn, og ikkje direkte endring av metodetrinnet, skal unntaket spesifiserast i tekstboksen nedanfor, eventuelt i eige vedlegg. Typiske krav i denne kategorien kan vere:

- prøvetakingsprosedyre ved fastsetjing av utsleppsfaktor
- analysehyppigheit ved fastsetjing av utsleppsfaktor
- uvisse når det gjeld utsleppsfaktor
- bruk av akkrediterte laboratorium
- kvalitetssikring av kontinuerlege gassanalysatorar

Dokumentasjon og grunngiving for unntak frå slike krav skal kome fram i eigne vedlegg.

E.1.2.3a-1 Overgangsordningar ved bruk av berekningsmetode

Dette punktet skal nyttast av verksemder som søker om unntak frå krava i vedlegg 2 til forskrifta, som nyttar berekningsformel ved berekning av utsleppet, og som søker om overgangsordningar.

Blir det søkt om unntak for heile perioden 2008–2012?

- Ja
 Nei

Dersom ein kryssar av for **Nei** på spørsmålet over, skal verksemda oppgi når krava i forskrifta kan oppfyllest, i tabellen under.

Dersom ein kryssar av for **Ja** på spørsmålet over, vil verksemda kunne forbetre metodetrinnet for enkelte kjeldestraumar i løpet av perioden 2008–2012?

- Ja
 Nei

Dersom ja, oppgi i tabellen nedanfor kva for eit metodetrinn som kan oppnåast, og når dette kan gjennomførast.

I tabellen skal det aktuelle metodetrinnet som oppgitt i rettleiaren til vedlegg 2 i klimavoteforskrifta, oppgivast. Dersom verksemda ikkje søker om unntak for heile perioden 2008–2012, skal dei kjeldestraumane det er søkt unntak for, og der ein ventar at krava i forskrifta kan oppfyllest i løpet av perioden, oppgivast i tabellen. Dersom verksemda i løpet av perioden 2008–2012 kan forbetre metodetrinnet for enkelte kjeldestraumar, skal dei kjeldestraumane der det kan oppnåast forbetringar av metodetrinnet, oppgivast i tabellen. Kjeldestraumnummeret som er oppgitt i tabellen i punkt D, skal nyttast ved utfylling av denne tabellen.

Kjeldestraum- nummer		2008	2009	2010	2011	2012
	Aktivetsdata					
	Utsleppsfaktor					
	Oksidasjonsfaktor					
	Omrekningsfaktor					
	Aktivetsdata					
	Utsleppsfaktor					
	Oksidasjonsfaktor					
	Omrekningsfaktor					
	Aktivetsdata					
	Utsleppsfaktor					
	Oksidasjonsfaktor					
	Omrekningsfaktor					
	Aktivetsdata					
	Utsleppsfaktor					
	Oksidasjonsfaktor					
	Omrekningsfaktor					
	Aktivetsdata					
	Utsleppsfaktor					
	Oksidasjonsfaktor					
	Omrekningsfaktor					
	Aktivetsdata					
	Utsleppsfaktor					
	Oksidasjonsfaktor					
	Omrekningsfaktor					

Dersom ein ventar at ei endring vil aktuell i løpet av eit av åra 2008–2012, skal ein oppgi meir eksakt når endringa vil bli gjennomført:

Dersom ein søker om overgangsordningar frå krava som følgjer av metodetrinnet, skal dette spesifiserast i tekstboksen nedanfor. Det skal gjerast greie for når verksemda kan oppfylle krava i forskrifta, eller eventuelt når det kan oppnåast forbetringar i forhold til dei krava det er søkt unntak for. Dokumentasjon og grunngiving skal kome fram i eigne vedlegg.

Dersom det blir søkt om unntak frå krava som følgjer av eit metodetrinn, og ikkje direkte endring av metodetrinnet, skal unntaket spesifiserast i tekstboksen nedanfor, eventuelt i eige vedlegg. Typiske krav i denne kategorien kan vere:

- prøvetakingsprosedyre ved fastsetjing av utsleppsfaktor
- analysehyppigheit ved fastsetjing av utsleppsfaktor
- uvisse i karboninnhald
- bruk av akkrediterte laboratorium
- kvalitetssikring av kontinuerlege gassanalysatorar

Dokumentasjon og grunngiving for unntak frå slike krav skal kome fram i eigne vedlegg.

E.1.2.3b-1 Overgangsordningar ved bruk av massebalanse

Dette punktet skal nyttast av verksemder som søker om unntak frå krava i vedlegg 2 til forskrifta.

Blir det søkt om unntak for heile perioden 2008–2012?

- Ja
 Nei

Dersom ein kryssar av for **Nei** på spørsmålet over, skal verksemda oppgi når krava i forskrifta kan oppfyllest, i tabellen under.

Dersom ein kryssar av for **Ja** på spørsmålet over, vil verksemda kunne forbetre metodetrinnet for enkelte kjeldestraumar i løpet av perioden 2008–2012?

- Ja
 Nei

Dersom ja, oppgi i tabellen nedanfor kva for eit metodetrinn som kan oppnåast, og når dette kan gjennomførast.

I tabellen skal aktuelt metodetrinn, som oppgitt i rettleiaren til klimavoteforskrifta vedlegg 2, oppgivast. Dersom verksemda ikkje søker om unntak for heile perioden 2008–2012, skal dei kjeldestraumane det er søkt unntak for, og der ein ventar at krava i forskrifta krav kan oppfyllest i løpet av perioden, oppgivast i tabellen. Dersom verksemda i løpet av perioden 2008–2012 kan forbetre metodetrinnet for enkelte kjeldestraumar, skal dei kjeldestraumane der det kan oppnåast forbetringar av metodetrinnet, oppgivast i tabellen. Kjeldestraumnummeret som er oppgitt i tabellen i punkt D, skal nyttast ved utfylling av denne tabellen.

Kjeldestraum- nummer		2008	2009	2010	2011	2012
	Aktivitetsdata					
	Karboninnhald					
	Aktivitetsdata					
	Karboninnhald					
	Aktivitetsdata					
	Karboninnhald					
	Aktivitetsdata					
	Karboninnhald					
	Aktivitetsdata					
	Karboninnhald					

Dersom endringa kan ventast i løpet av eit av åra 2008–2012, oppgi meir eksakt når endringa vil bli gjennomført:

Dersom ein søker om overgangsordningar frå krava som følgjer av metodetrinnet, skal dette spesifiserast i tekstboksen nedanfor. Det skal gjerast greie for når verksemda kan oppfylle krava i forskrifta, eller eventuelt når det kan oppnåast forbetringar i forhold til dei krava det er søkt unntak for. Dokumentasjon og grunngiving skal kome fram i eigne vedlegg.

A large empty rectangular box with a thin black border, intended for the user to provide specific details about transition arrangements, as instructed in the text above. The box is currently blank.

E.1.3 Måleutstyr for aktivitetsdata

Måleutstyret som blir brukt til berekning og måling av aktivitetsdata, skal ein beskrive i eit eige vedlegg. I beskrivinga skal desse punkta vere med:

- Tilvising til aktuell kjeldestraum
- Type måleinstrument
- Spesifikasjon av måleinstrumentet
- Plasseringa til måleinstrumentet
- Uvisse for måleinstrumentet
- Stabilitet og uvisse for måleinstrumentet ved ulike driftsforhold
- Kontrollmetode for instrumentet
- Kontrollfrekvens
- Kven som gjennomfører eventuell kalibrering
- Kalibreringsprosedyrar
- Vedlikehald
- Driftsvilkår og prosedyrar for måleinstrumentet

Verksemder som ønskjer å nytte faktura som grunnlag for å rapportere aktivitetsdata, må oppgi kven vara er kjøpt av, kven som er ansvarleg for måling av fakturert mengd, og kva slags måleutstyr som er nytta, det vil seie type måleinstrument og lokalisering.

E.1.4 Metode for fastsetjing av faktorar

Er prøvetakingsprosedyrane og analysehyppigheita for fastsetjing av faktorar slik at det årlege gjennomsnittet av relevante parametarar blir fastsett med ei maksimal uvisse på 1/3 av den tillatne uvissa for tilhøyrande aktivitetsdata:

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Nyttar verksemda kontinuerlege gassanalysatorar eller gasskromatografar?

- Ja
- Nei

Det skal givast ei beskriving av prøvetakingsmetode, prøvetakingsfrekvens og analysemetode av energivarer, råvarer og produkt som skal nyttast ved fastsetjing av utsleppsfaktor, oksidasjonsfaktor, omrekningsfaktor, karboninnhald og ved fastsetjing av biomassefraksjon for kvar av kjeldestraumane. Dette skal beskrivast i eit eige vedlegg. I beskrivinga skal desse punkta vere med:

- Tilvising til aktuell kjeldestraum
- Opplysning om kva faktorar/data det gjeld
- Metode for fastsetjing av faktorane
- Kor ofte blir faktorane fastsette?

- Korleis blir prøvene tekne?
- Kven tek prøvene?

E.1.5 Bruk av laboratorium

E.1.5.1 Akkrediterte laboratorium

Nyttar verksemda laboratorium som er akkrediterte etter NS-EN ISO/IEC 17025 for fastsetjing av bedriftsspesifikke data og faktorar?

- Ja.
 Nei

Dersom verksemda nyttar akkreditert laboratorium, oppgi namn på laboratoriet/laboratoria:

Dersom verksemda nyttar akkrediterte laboratorium, skal det dokumenterast i eige vedlegg til program for måling og berekning.

Verksemder som ikkje bruker laboratorium akkrediterte etter NS-EN ISO/IEC 17025, skal fylle ut punkt E.1.5.2. Verksemder som bruker ikkje-akkrediterte laboratorium, må vise at dei oppfyller krava i vedlegg 3B med rettleiar til klimavoteforskrifta. Denne dokumentasjonen skal leggjast ved som eige vedlegg.

E.1.5.2 Bruk av ikkje-akkrediterte laboratorium

I tabellen skal det kome fram kva for nokre ikkje-akkrediterte laboratorium verksemda nyttar. Det skal leggjast ved dokumentasjon på at dei oppfyller krava i vedlegg 3B med rettleiar til klimavoteforskrifta. Dersom det blir nytta same laboratorium for fleire kjeldestraumar, er det nok å fylle ut ei rad, der ein viser til alle kjeldestraumane.

Kjeldestraumnummeret som er oppgitt i tabellen i punkt D, skal nyttast ved utfylling av denne tabellen.

Kjeldestraum- nummer	Type data/faktorar	Namn på laboratorium

E.2 Overvakingsmetode – kontinuerleg måling av CO₂-utsleppet

E.2.1 Uvisse i utsleppstalet for ei utsleppskjelde

E.2.1.1 Oppfylling av krav til metodetrinn

Oppgi om verksemda oppfyller krava til uvisse i utsleppstalet for ei utsleppskjelde, eller om verksemda ønskjer å søkje om unntak frå dette kravet:

- Verksemda oppfyller krava til uvisse i utsleppstalet for ei utsleppskjelde
- Verksemda oppfyller ikkje krava til uvisse i utsleppstalet for ei utsleppskjelde

Dersom verksemda ikkje oppfyller krava til uvisse, skal punkta E.2.1.2 og E.2.1.3 fyllast ut.

E.2.1.2 Unntak frå metodetrinna

Dersom verksemda ikkje oppfyller kravet til uvisse, oppgi kva årsaka til dette er.

- Krava er teknisk umoglege å gjennomføre.
- Krava fører med seg urimeleg høge kostnader.

Dokumentasjon som viser at kravet eller krava til overvaking fører med seg urimeleg høge kostnader og/eller er teknisk umoglege å gjennomføre, skal kome fram i eigne dokument som skal leggjast ved programmet for måling og berekning.

E.2.1.3 Uvisse i utsleppstal som ikkje oppfyller krava til metodetrinn

I tabellen skal det kome fram kva for eit uvissnivå for utsleppstal for kvar enkelt kjelde verksemda kan oppnå. Dersom det for fleire kjelder blir søkt om same uvissnivå, kan desse kjeldene oppgivast i same rad i tabellen.

Utsleppskjelde	Metodetrinn det blir søkt om	Årsak

--	--	--

E.2.2 Måling av CO₂

Det kontinuerlege måleutstyret som blir nytta ved direkte måling av CO₂-utslepp frå ei utsleppskjelde, skal beskrivast i eige vedlegg. Om fleire kjelder blir målte likt, kan desse kjeldene beskrivast under same punkt. Det må i slike tilfelle kome klart fram kva kjelder det gjeld. CO₂ som blir overført til anna verksemd, skal òg inngå i overvakinga.

I beskrivinga skal følgjande punkt vere med:

- Utsleppskjelde
- Beskriving av måleutstyr
- Beskriving av målepunkt
- Beskriving av prøvetakinga
- Målehyppigheit
- Vedlikehald
- Rutinar for kalibrering av måleutstyret
- Prosedyrar for innsamling, behandling og lagring av data

E.2.3 Måling av røykgassmengd

Måleutstyret som blir nytta ved måling av røykgassmengd frå ei utsleppskjelde, skal beskrivast i eige vedlegg. Om fleire kjelder blir målte likt, kan desse kjeldene beskrivast under same punkt. Det må i slike tilfelle kome klart fram kva kjelder det gjeld.

I beskriving skal følgjande punkt vere med:

- Utsleppskjelde
- Beskriving av måleutstyr
- Beskriving av målepunkt
- Beskriving av prøvetakinga
- Målehyppigheit
- Vedlikehald
- Rutinar for kalibrering av måleutstyret
- Prosedyrar for innsamling, behandling og lagring av data

E.2.4 Berekning av røykgassmengd

Det skal gjerast greie for korleis røykgassmengda er berekna.

E.2.5 Måling av hjelpeparametrar

Måleutstyret som blir nytta ved måling av hjelpeparametrar frå ei utsleppskjelde, skal beskrivast i eige vedlegg. Om fleire kjelder blir målte likt, kan desse kjeldene beskrivast under same punkt. Det må i slike tilfelle kome klart fram kva kjelder det gjeld.

I beskrivinga skal følgjande punkt vere med:

- Utsleppskjelde
- Type hjelpeparameter

- Beskriving av måleutstyr
- Beskriving av målepunkt
- Beskriving av prøvetakinga
- Målehyppigheit
- Vedlikehald
- Rutinar for kalibrering av måleutstyret
- Prosedyrar for innsamling, behandling og lagring av data

E.2.6 Berekning av kvotepliktig utslepp ut frå målte verdiar

Det skal givast ei forklaring på korleis dei ulike målte eller berekna parametrane blir kombinerte for å berekne det årlege kvotepliktige utsleppet gitt som tonn CO₂.

E.2.7 Verifisering av målte utslepp

I dette avsnittet skal det beskrivast korleis verksemda har tenkt å verifisere dei målte utsleppa. Verifiseringa skal gjennomførast ved berekning. Verifiseringa skal beskrivast i eit eige vedlegg. Beskrivinga må innehalde opplysningar om berekningsmetode, faktorar som er nytta i berekningane, og ein referanse til kvar desse finst, og uvisse når det gjeld faktorar som er nytta i berekningane.

F. Internkontroll

Har verksemda etablert ein internkontrollprosedyre for framskaffing og arkivering av rapporterte utsleppsdata?

- Ja
- Nei

Dersom det blir kryssa av for Ja på spørsmålet over, har verksemda tidlegare sendt inn denne prosedyren til Klima- og forureiningsdirektoratet?

- Ja
- Nei

Prosedyren skal leggjast ved som eige dokument til program for berekning og måling av utslepp. Verksemder som tidlegare har sendt inn ein tilfredsstillande internkontrollprosedyre til Klima- og forureiningsdirektoratet, kan vise til tidlegare innsend prosedyre. Endra og oppdaterte prosedyrar skal sendast direktoratet.

Dersom verksemda ikkje har etablert ein internkontrollprosedyre for framskaffing og arkivering av rapporterte utsleppsdata, skal det leggjast fram ein plan for når ein slik prosedyre kan liggje føre.

G. Andre opplysningar

Bruk tekstboksen nedanfor eller eige vedlegg.

A large, empty rectangular box with a thin black border, intended for providing additional information or attachments. It occupies the majority of the page's vertical space below the introductory text.

H. Underskrift

Stad

Dato

Underskrift

